



Dagleg leiar Marit Hjørnevåg - glad for nytt sølv. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Under NM i sjømatprodukter i Ålesund onsdag fekk Brødrene Hjørnevåg sølvmedalje i tevlinga om den beste fiskepuddingen i Noreg. Dei har tidlegare fått fire medaljar i den same tevlinga.**



Marit Hjørnevåg med plakett og medalje i Ålesund. (Foto: Norske Sjømatbedrifters Landsforening)

I 2001 vart det andreplass for fiskepudding, i 2002 andreplass for fiskekaker, i 2004 andreplass for fiskepudding og i 2006 tredjeplass for fiskepudding.

Dagleg leiar Marit Hjørnevåg er stolt over at tradisjonsproduktet fiskepudding scorar så høgt.

Dette var grunnproduktet i starten av firmaet i Uskedalen for 60 år sidan og resepten no er tilnærma lik den som bestefaren hennar komponerte, slår ho fast.

- Det er svært kjekt å få eit slikt kvalitetsstempel, for nivået er svært høgt. Utmerkinga gjev oss noko å strekkjaoss etter i det daglege arbeidet, seier Marit til Kvinnheringen. Med seg heim frå Ålesund får ho plakett og sølvmedalje.

Denne gongen var det Domstein Enghav i Haugesund som fekk gull medan Berggren AS frå Kongsvinger fekk bronzen. 15 fiskematprodusenter var med i konkurransen. Hjørnevåg var med i kategoriane fiskepudding og fiskekaker.

Marit Hjørnevåg har denne forklåringa på suksessen:

- Gode oppskrifter, gode råvarer og gode medarbeidarar.